

Padling i Storavatnet



FORLOKKANDE!

Storavatnet er lett tilgjengeleg for padlarar, frå "Grøntanlegget", nær hovudvegen. Vatnet er stort og vidt, med opne område, tronge passasjar, og idylliske plassar å gå i land. Du kan padla nær busetnaden eller velja stader du har heilt for deg sjølv på øyane eller i dei skogkledde områda lengst aust.


Fleire stader må du ta deg gjennom eit tett siv, ei sjeldan oppleving for dei som oftast padlar på sjøen. Kanskje treff du på ei kvakkande and, med ungeflokken på slep, eller oppdatar at auren pilar under kajakken din.

Mot aust er farvatnet ope med større og mindre øyar, der du lett finn mange fine stader å gå i land. I dette området er det eit yrande fugleliv. Far varsamt fram om du er her i hekketida.

På austsida av Rossneset renn Daleelva ut i vatnet. Det er ein spennande ekspedisjon å følgja elva innover i landskapet.

God tur!

Du finn meir informasjon på www.padling.no/yyy



Padlevettregler

- Bruk padlevest
- Vel kajakk og utstyr som passar deg
- Sjekk værmelding
- Ver bevisst eigen dugleik
- Kle deg etter vasstemperaturen
- Sei ifrå kor du padlar
- Ver synleg
- Hugs vikeplikt og avstand til andre båtar
- Øv på redningsteknikkar
- Ver miljøbevisst – hugs sporlaus ferdsel

Kompetanse.

Løypene er gradert ut frå at padlaren har kompetanse tilsvarande Norsk Padleforbund sitt



[Grunnkurs Hav](#)



GjensidigeStiftelsen



Stord



TURSKILTprosjektet
DET SKAL MERKES I HELE LANDET